

Eit hjarte som bankar



Til skuleleiinga

Takk for at de på denne måten set av tid til arbeidet for å fremje mangfald og inkludering, og arbeider aktivt for å skape trygge og gode læringsmiljø for ungdommane.

Målsetjinga med arbeidet er å utvikle haldningar som verdset og respekterer mangfaldet i samfunnet, at vi er forskjellige og likeverdige. Elevane skal også øve på å reflektere over korleis dei kan bidra til eit inkluderande læringsmiljø.

Hovudfokuset i filmen «Eit hjarte som bankar» er å fokusere på dei små handlingane i kvardagen som bidrar til å bygge fellesskap og gjer at alle, uavhengig av bakgrunn, kan oppleve å bli inkluderte i klassa si og på skulen. Slik kan vi saman bidra til toleranse for mangfald og eit inkluderande skulemiljø. Dette arbeidet kan de sjå i samanheng med arbeidet med trygge og gode skulemiljø (jf. Opplæringslova kap. 12). Dette er også eit opplegg ein kan tilpasse til bruk i foreldresamarbeidet. Det kan t.d. nyttast på foreldremøte eller liknande.

Rektor og andre i skuleleiinga har ei viktig rolle i dette arbeidet med å fremje mangfald og inkludering i skulen. Det er også sentralt at de legitimerer det haldningsskapande arbeidet, og at de legg til rette for at lærarane får tid til å førebu undervisninga og til å gjennomføre opplæringa i klassene. Vi rår til at det vert jobba minst seks skuletimar i kvar klasse, ein kan gjerne setje av to-tre økter i løpet av eit tidsrom på ei til to veker. Den korte videoen kan gjerne visast fleire gongar, særleg om ein då ber elevane om å vere merksame på ulike perspektiv.



Vi vil oppmode dykk til å setje av tid i profesjonsfellesskapet, anten i samla personalgruppe eller i team, slik til lærarane er godt budde til å arbeide vidare med elevane.

Vi foreslår to aktivitetar til arbeid i profesjonsfellesskapet

- 1) Å drøfte kva mangfald og inkludering betyr på dykkar skule
- 2) At dei tilsette vert kjend med filmen og kan dele idear til korleis bruke den i undervisninga

1) Mangfald og inkludering

Mangfald viser til at vi alle er ulike. I ei skuleklasse er det ofte elevar som har ulike kulturbakgrunn, dei kan ha forskjellige morsmål og det kan vere stor funksjonsvariasjon. Også ulike familiebakgrunn, ulike interesser og læreføresetnader gjer elevgruppa mangfaldig. Når vi fremjar mangfald i skulen, handlar det om å jobbe for å skape eit skulemiljø som verdset ulikskap.

Vi vil oppfordre til at de drøftar kva innhald de legg i mangfald og inkludering. Bruk gjerne dei samtalekorta som er utforma til elevane også profesjonsfellesskapet, eller bruk spørsmåla under.

Framlegg til spørsmål for refleksjon i profesjonsfellesskapet

- Kva betyr mangfald og inkludering ved dykkar skule?
- Kva fungerer godt hos dykk, og kva vil de halde fram å gjere for å verdsetje mangfald og bidra til inkluderande fellesskap?
- Kva kan truge mangfald og ein inkluderande praksis?
- Kva kan forbeistrast hos dykk?

2) Arbeid med filmen «Eit hjarte som bankar»

Det er fint om lærarar og andre tilsette vert kjende med innhaldet i filmen, og aller helst at dei også kan få tid til å førebu og dele korleis filmen kan brukast i klassene.

Denne lærarrettleiinga er meint å vere til hjelp i førebuing og gjennomføring av undervisningssekvensane. Det er likevel dei enkelte lærarane som kjenner elevgruppene best, så vi vil oppfordre til at dei kan tilpasse arbeidsmåtane til elevgruppa. Vi vil oppmode dykk til å velje nokre av arbeidsmåtane som er skisserte i lærarrettleiinga, og gjerne supplere med anna aktuelt lærestoff slik at de har arbeid for om lag seks skuletimar.

Til læraren



Det viktigaste arbeidet for å bidra til å verdsetje mangfald og inkludere alle elevar, er det de gjer i møte med elevane i det daglege. De modellerer for elevane når de viser at de respekterer og inkluderer alle elevar. Det er normalt vennegjengar og grupperingar i ei klasse. Dersom desse vert rigide, kan det danne seg motsetnader mellom dei ulike gruppene, noko som kan vere ei utfordring for eit inkluderande miljø. Derfor er det viktig å etablere tydelege forventningar om at alle i klassa helsar på kvarandre og at dei kan samarbeide på tvers av etablerte vennegrupper. Å fokusere på mangfald og integrering i arbeidet med filmen, kan vonleg bidra til eit trygt og godt læringsmiljø i elevgruppa.

Filmen er meint å bidra til refleksjon over kva vi alle kan gjere for å bidra til å verdsetje mangfald i fellesskapet og eit inkluderande miljø på skulen og elles. Det er greitt å vere merksam på at elevar kan reagere ulikt når tema som inkludering og tilhøyrsløse i fellesskapet vert tatt opp. Det kan opplevast sårt for nokre. Tenk difor over dei ulike signala elevane kan sende, medvitne eller umedvitne, og ta tak i det. Vis at dei er viktige, alle som ein.

Vi rår til at det vert jobba minst seks skuletimar i kvar klasse, ein kan gjerne setje av to-tre økter i løpet av eit tidsrom på ei til to veker.

Første året filmen vert brukt, skal alle klassane arbeide med den, dei følgjande åra rår vi til at dei nye elevar får høve til å arbeide med inkludering og mangfald i tilknytning til filmen. Dette kan gjerne gjerast ved starten av skuleåret og slik danne eit grunnlag for korleis ein arbeider med mangfald og inkludering vidare.

Mål og fagleg forankring

Hovudmål for elevane:

- Målsetjinga med arbeidet er å utvikle haldningar som verdset og respekterer mangfaldet i samfunnet, at vi er forskjellige og likeverdige.
- Elevane skal også øve på å reflektere over korleis dei kan bidra til eit inkluderande læringsmiljø.
- Elevane skal vise forståing for ulike haldningar til mangfald og inkludering.

Tematikk:

- Inkludering og mangfald, korleis det ser ut i kvardagen der vi er ulike, men likeverdige.

Forankring i styringsdokumenta:

Arbeidet med haldningsendring knytt til inkludering og mangfald, som skildra i materialet er forankra i Opplæringslova (2023) og Læreplanverket (Overordna del, LK20):

Målsetjing	Innhald	Forankring
Trygt og godt læringsmiljø	Arbeid for å skape trygge og gode skulemiljø for ungdommane	Opplæringslova (kap. 12 Skolemiljøet til elevane) Overordna del (kap. 3.1 Eit inkluderande læringsmiljø; kap. 2.5.1 Folkehelse og livsmeistring)
Haldnings-utvikling	Utvikle haldningar som verdset og respekterer mangfaldet i samfunnet	Opplæringslova (§ 1-3. Formålet med opplæringa) Overordna del (kap. 1 Opplæringa sitt verdigrunnlag)
Toleranse og inkludering	Fremje toleranse for mangfald og bidra til eit inkluderande læringsmiljø	Opplæringslova (§ 12-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø) Overordna del (t.d. kap. 1.1 Menneskeverdet; 1.2 Identitet og kulturelt mangfald; 1.6



		Demokrati og medverknad; 3.1 Eit inkluderande læringsmiljø
Elevmedverknad	Øve på å reflektere over korleis elevane kan bidra til eit inkluderande læringsmiljø	Opplæringslova (§ 1.3. Formålet med opplæringa; § 10-2. Elevane sin rett til medverknad) Overordna del (kap. 1.6 Demokrati og medverknad; kap. 3.1 Eit inkluderande læringsmiljø)
Forståing av inkludering	Elevane skal vise forståing for haldningar til mangfald og inkludering	Opplæringslova (§ 12-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø) Overordna del (kap. 1.1 Menneskeverdet; 3.1 Eit inkluderande læringsmiljø)

1) Arbeide med elevane si førforståing knytt til inkludering og mangfald

Klassesamtale med bruk av samtalekort knytt til overordna tema:

Denne økta har eit meir overordna verdiperspektiv som kanskje kan vere noko abstrakt og vanskeleg heilt å forstå for nokre elevar av ulike årsaker. Det er difor viktig å bruke litt tid i plenum og finne ut av korleis elevane forstår og tenkjer om desse to temaa.

Om inkludering og medverknad

Omdreiingspunkta vil vere relatert til å diskutere kva betyr det å vere *inkludert*, og kva det vil seie å få *medverke*.

Om mangfald

I arbeidet med refleksjonsspørsmåla knytt til mangfald, så er det viktig å vere medviten korleis ein møter ulike ytringar som kan kome. Kva mangfald er i klassen, kva ytringar kan vere med på å truge integriteten til den einskilde eleven, og korleis skal du møte ytringa som ikkje kan aksepterast. Det er skilnad på det å *slå ned på* kva som blir sagt, og det å *regulere og justere* ytringa på. Slår ein hardt ned på ting som blir sagt i plenum, så kan det verke mot si hensikt: det kan bidra til å forsterke elevar som kan kjenne seg trefte av eit utsegn si oppleving av å verte stigmatisert og krenka. Tenk difor grundig gjennom alternative måtar å møte eit mangfald av meiningar og ytringar på før du går i gang med opplegget.

Samtalekort	Tema
1. Kva betyr det å vere inkludert for deg?	Inkludering
2. Korleis kan du merke at du blir rekna med i gruppa?	Tilhøyrslø/ inkludering
3. Korleis ser du at nokon ikkje føler seg verdsett og inkludert?	Utanforskap/ observasjon
4. Korleis gir du uttrykk for at du kjenner deg utanfor – om du gjer det?	Utanforskap/ refleksjon
5. Blir alle stemmene i klassen høyrte?	Medverknad/ stemme
6. Kven blir høyrte og ikkje høyrte – og kvifor er det slik, trur du?	Medverknad/ analyse
7. Korleis forstår du at alle har ein rett til å få vere seg sjølv?	Mangfald/rettar
8. Kvifor tenkjer du at nokon opplever at ulikskapar er eit problem?	Mangfald/ Utfordringar
9. Kva betyr respekt og likeverd?	Verdiar/definisjon
10. Korleis kan ein syne at ein har respekt for andre og at ein er likeverdige i handlingane våre?	Verdiar/handling

2) Vise filmen «Eit hjarte som bankar»

3) Arbeid i grupper

Ein nyttar arbeidsmåten verdskafe. Elevane sit i grupper rundt eit bord, vi rår til at det er maksimalt fem elevar på kvar gruppe. Dei får eit spørsmål knytt til filmen som dei skal jobbe med i om lag 15 minutt. Dei skal først reflektere individuelt og notere tankane sine på kvar sine gule lappar. Deretter deler dei tankane med dei andre på gruppa, og klistrar eller skriv svaret på oppgåva på duken på bordet.

Utstyr: Papirduk eller stort ark til kvart bord, gule lappar, pennar og tusjar til å skrive med.

Førebuing

- Skap eit kaféliknande lokale med små bord (4–7 stolar). Pynt med papirdukar (evt ark frå flip over), tusjar i fleire fargar og post-it-lappar. Vel tema som engasjerer.

Innleiing

- Ansvarleg ønskjer velkommen, forklarar føremålet og rammene. Deltakarane blir oppmoda til å skrive på bordduken undervegs i samtalen.

Gjennomføring

- Køyr fleire samtalerundar (minimum tre), der kvar runde varer i eit gitt tal minuttar. Deltakarane flyttar seg mellom borda.

Kafévert

- Mot slutten av kvar runde (unntatt den siste), skal ein kafévert veljast. Verten blir sitjande ved bordet og skal ønskje nye velkommen og gjenfortelje kort frå førre runde.

Framdrift

- For å skape framdrift, skal deltakarane formulere eit spørsmål til neste gruppe i slutten av kvar runde.

Oppsummering

- Etter samtalane inviterer arrangøren til å dele refleksjonar, innsikter og læringspunkt med storgruppa



Refleksjonsspørsmål til verdskafe	Tema
1. Filmen handlar om små handlingar som set spor. Kva type gest (som eit smil, ei hand eller å seie «hei») utfører du bevisst i kvardagen for å byggje fellesskap?	Små handlingar/ Fellesskap
2. Kvinna i filmen er eit symbol på eit menneske som både treng hjelp og bidreg. Når opplevde du sist å vere på den mottakande enden av varme eller kvardagsomsorg?	Gjensidigheit/ Kvardagsomsorg
3. Bodskapen er at alle har noko å gi uansett utdanning eller erfaring. Kva bidrag har du, utanom jobb eller formelle roller, som er viktig for lokalsamfunnet ditt?	Bidrag/ Verdi
4. Filmen fokuserer på «auge som ser og øyre som lyttar». Kor flink føler du deg til å verkeleg sjå menneska du møter i butikken, på gata eller på jobb?	Observasjon/ Å sjå kvarandre
5. Kva skal til for at du tør å «berre gjere det» når du ser ei moglegheit til å vise varme eller omsorg for ein framand?	Handling/ Barrierar
6. Kva er dei største ringverknadane du trur den minste positive handlinga kan skape i Vestnes?	Ringverknader/ Effekt
7. I kva situasjonar (til dømes på arbeid, i idrettslag, i butikken) ser du at du har størst sjanse til å møte andre med varme?	Fellesskapsarenaer
8. Filmen syner at fellesskap blir bygd gjennom å sjå kvarandre. Kva tiltak eller handlingar meiner du er viktigast for å sikre at ikkje berre dei kjende, men også nye innbyggjarar eller tilflyttarar, føler seg inkluderte?	Inkludering
9. Korleis ser du at «eit hjarte som bryr seg» kjem til uttrykk i dei ulike miljøa i lokalsamfunnet (t.d. butikk, industri, frivillige)?	Omsorg/ Utføring



10. Om du skulle definere kva **Vestnes** er for deg, korleis kjem element som **felleskap** og **kvardagsomsorg** inn i den definisjonen?

Lokalsamfunnsidentitet

Andre læringsaktivitetar

Under følgjer fleire måtar å jobbe vidare med mangfald og inkludering. Vi foreslår at skulen jobbar med dette i ei mangfaldsveke, og at ulike klasser vel forskjellige arbeidsmåtar som dei så viser fram for dei andre klassene på skulen.

IGP-metoden

Individuell refleksjon, etterfølgt av samtale og deling i grupper, og til slutt presentasjon i plenum. Bruk gjerne denne når de går gjennom refleksjonsspørsmåla. Metoden lar kvar enkelt tenkje seg om, før dei deler i gruppe og plenum.

Køyrereglar

Klassen kan skrive felles køyrereglar for mangfald og inkludering i klassen.

Samtalekort

Bruk samtalekort med spørsmål knytt til omgrepa mangfald, inkludering, og verdiar.

Kvar er vi på ein skala frå 0 til 100?

Denne aktiviteten kan gjerast i heile klassa eller i grupper. Dersom ein ikkje er trygg på å bruke aktiviteten slik det står under, kan elevane få i oppgåve å skrive svar på desse spørsmåla individuelt.

Elevane står samla ein stad i rommet. Lærar forklarar at det går ei tenkt linje gjennom rommet. Den eine enden kallar vi null. Her opplever dei fleste at andre snakkar stygt bak ryggen, og dei som høyrer på ler og er med på å stenge ute andre. Dette held fram også etter skuletid, på nett og i fritidsaktivitetar. Her er det veldig utrygt for ein veit aldri kven det er sin tur til å bli baktalt eller ledd av. Den andre enden kallar vi 100. Her er det ingen som vert stengd ute frå fellesskapet, ingen snakkar stygt om andre og det er heilt sjølvstendig at de forsvarar kvarandre mot urett.

Be elevane stille seg på linja, på den staden som representerer korleis dei har det i klassa. Læraren stiller spørsmål som får dei til å tenkje seg om.

- Kva var grunnen til at du stilte deg akkurat her?
- Kva gjer at du står her og ikkje på eit lavare tal?


- Kva må skje for at du tar eitt steg mot 100?
- Kva kan vi gjere allereie i dag for å bevege oss oppover?
- Korleis vil du merke at vi har gått frå der vi står og nærare 100?
- Kven kan hjelpe til slik at vi bevegar oss mot 100?

Dialogspel

Dialogspel som metode for å fremje refleksjon om aktuelle tema. Varigheit er om lag 45 minutt.

Førebuing

- Lag eit sett med fem til ti kort med påstandar til kvar gruppe.
- Lag eit enkelt spelbrett med dei tre felta:



Skildring av metoden

Gruppene sit rundt kvart sitt bord. Legg bunken med påstandar i konvoluttar eller på borda med baksida opp. Deltakarane byter på å trekkje kort frå bunken. Det er berre den som har kortet som har lov til å snakke. Dei andre må vente på tur og har ikkje lov til å skyte inn eller avbryte.

Framgangsmåte, steg for steg

1. Første deltakar, til dømes den som har bursdag først, trekkjer eit kort frå bunken og les påstanden høgt. Den som har trekt kortet fortel deretter gruppa om han eller ho er enig, uenig eller delvis enig, og grunngjev kvifor. Kortet blir lagt ned på *Einig*, *Delvis enig* eller *Ueinig* på spelbrettet.
2. Neste gruppemedlem tek opp det same kortet, les påstanden høgt, seier om han eller ho er enig, delvis enig eller uenig, og grunngjev standpunktet. Påstanden blir lagt ned på spelbrettet igjen.
3. Kortet går runden rundt bordet, og deltakarane flyttar kortet etter kvart som dei presenterer argumenta sine. Slik held ein fram til alle har fått høve til å presentere synspunkta sine minst to gonger. Det er lov å melde pass dersom



ein ikkje har meir å tilføye etter første runde, og la kortet gå vidare til neste deltakar.

4. Når alle har sagt det dei ønskjer om påstanden, trekkjer neste deltakar eit nytt kort frå bunken.
5. Den som har trekt kortet kan eventuelt få ansvar for å oppsummere synspunkta i gruppa.

Rollespel

Del klassen inn i grupper og gje kvar gruppe kvar si scene frå filmen. Gruppa skal lage eit rollespel som startar likt med filmen, men med ulike scenario vidare. Døme: Det kan vere både der det går gale og utfordre klassa til å analysere kva som gjekk gale og kva som må til for at situasjonen skal gå bra. Det kan òg vere at vi får følgje dei som opplever handlinga, og korleis dei har det i etterkant.

Skrive melding om hending

Skriv ei melding til læraren og rektor der eleven fortel/informerer om det hen såg og opplevde (kan ta utgangspunkt i reell situasjon eller ei episode i filmen).

Presentasjon av arbeidet med mangfald og inkludering

Dersom elevane får vite at arbeidet skal munne ut i eit konkret produkt, kan det bidra til auka motivasjon. Dette kan også vise elevane sjølve og andre kva dei har lært. Under følgjer døme på korleis ein kan presentere arbeidet. Under har vi laga presentasjonsformer som tar omsyn til at elevar har ulike interesser og sterke sider, læraren som kjenner gruppa kan tilpasse vidare til føresetnadane.

- Elevar skriv manus og spelar inn ein podcast/video der dei fortel om kva dei forstår med mangfald og kvifor det er viktig å fokusere på det i klassa. Dei kan også fortelje om kva dei kan gjere for å vere ein inkluderande fellesskap
- Elevar kan lage eit rollespel som viser inkludering i praksis, dette kan framførast og/eller bli tatt opp på film.
- Elevar kan teikne/male ein illustrasjon som viser utanforskap eller inkludering
- Ta bilete av situasjonar der de viser inkluderande handlingar

Dersom ein ønskjer å knyte arbeidet til mangfalds- og inkluderingsfokuset på kommunenivå, så kan elevane også presentere resultat frå arbeidet på eit innbyggjarmøte. Då kan elevane t.d. ha ein PowerPoint-presentasjon med bilete/tekst knytt til det dei har gjort i prosjektet, dei kan framføre rollespel, lage innbyggjarquiz eller liknande.



Skulekino/filmrommet

På nettstaden til skulekinoen kan ein søke opp spelefilmar og dokumentarfilmar om temaet inkludering. Her kan ein finne filmar som høver for skulesteget. Det er utvikla filmstudieark med oppgåver til kvar film, og desse er forankra i læreplanmål. <https://skulekino.filmrommet.no/>